



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 974 236 966
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN
Forretningsadresse: Gullbringvegen 34
3800 BØ I TELEMARKE

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Arne Kristoffer Mosfjeld
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 01.02.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 01.03.2023



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter		640 416	619 670
Anna driftsinntekt		2 109 229	2 137 858
Sum inntekter		2 749 645	2 757 528
Kostnader			
Lønnskostnad		737 291	588 316
Annan driftskostnad		1 980 023	2 015 025
Sum kostnader		2 717 314	2 603 341
Driftsresultat	7	32 331	154 187
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna finansinntekt		288	5
Sum finansinntekter		288	5
Netto finans		288	5
Ordinært resultat før skattekostnad	7	32 619	154 192
Ordinært resultat etter skattekostnad		32 619	154 192
Årsresultat	7	32 619	154 192



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar	4	16 000	16 000
Andre krav		75 000	
Sum finansielle anleggsmiddel		91 000	16 000
Sum anleggsmiddel		91 000	16 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundekrav			2 172
Andre krav		1 160	40 710
Sum krav		1 160	42 882
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	1 256 351	977 515
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 256 351	977 515
Sum omløpsmiddel		1 257 511	1 020 397
SUM EIGEDELAR		1 348 511	1 036 397
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	7	16 000	16 000
Sum innskoten eigenkapital		16 000	16 000
Opptent eigenkapital			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Annan egenkapital	7	880 914	848 294
Sum opptent egenkapital		880 914	848 294
Sum egenkapital		896 914	864 294
Sum langsiktig gjeld		0	0
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		40 821	55 473
Skuldige offentlege avgifter	5	45 756	47 721
Kortsiktig konserngjeld	6	73 021	68 908
Anna kortsiktig gjeld	2	292 000	
Sum kortsiktig gjeld		451 598	172 102
Sum gjeld		451 598	172 102
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 348 512	1 036 396



Brønnøysundregistrene

ÅRSREGNSKAP FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Journalnummer: 2023 310877

Enheten

Organisasjonsnummer: 974 236 966
Organisasjonsform: Stiftelse
Foretaksnavn: STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN
Forretningsadresse: Gullbringvegen 34
3800 BØ I TELEMARK

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Morselskap i konsern: Nei

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja
Benyttet ved utarbeidelsen av
årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Arne Kristoffer Mosfjeld
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 01.02.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskap er elektronisk innlevert.
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022.

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 25.02.2023



Organisasjonsnr: 974 236 966
STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

RESULTATREGNSKAP

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Inntekter			
Salsinntekter		640 416	619 670
Anna driftsinntekt		2 109 229	2 137 858
Sum inntekter		2 749 645	2 757 528
Kostnader			
Lønnskostnad		737 291	588 316
Annan driftskostnad		1 980 023	2 015 025
Sum kostnader		2 717 314	2 603 341
Driftsresultat	7	32 331	154 187
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna finansinntekt		288	5
Sum finansinntekter		288	5
Netto finans		288	5
Ordinært resultat før skattekostnad	7	32 619	154 192
Ordinært resultat etter skattekostnad		32 619	154 192
Årsresultat	7	32 619	154 192



Organisasjonsnr: 974 236 966
STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

BALANSE

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Immaterielle egedelar			
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i aksjar og partar	4	16 000	16 000
Andre krav		75 000	
Sum finansielle anleggsmiddel		91 000	16 000
Sum anleggsmiddel		91 000	16 000
Omløpsmiddel			
Varer			
Krav			
Kundekrav			2 172
Andre krav		1 160	40 710
Sum krav		1 160	42 882
Bankinnskot, kontantar og liknande			
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	1 256 351	977 515
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		1 256 351	977 515
Sum omløpsmiddel		1 257 511	1 020 397
SUM EIGEDELAR		1 348 511	1 036 397
BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Selskapskapital	7	16 000	16 000
Sum innskoten eigenkapital		16 000	16 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	880 914	848 294
Sum opptent eigenkapital		880 914	848 294
Sum eigenkapital		896 914	864 294
Sum langsiktig gjeld		0	0



Kortsiktig gjeld			
Gjeld til			
kredittinstitusjonar		40 821	55 473
Skuldige offentlege			
avgifter	5	45 756	47 721
Kortsiktig konserngjeld	6	73 021	68 908
Anna kortsiktig gjeld	2	292 000	
Sum kortsiktig gjeld		451 598	172 102
Sum gjeld		451 598	172 102
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 348 512	1 036 396



Organisasjonsnr: 974 236 966
STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

NOTEOPPLYSNINGER - SELSKAP - alle poster oppgitt i hele tall

Note
3

Tal på årsverk i regnskapsåret
1.00

Note
3

Spesifisering av resultatregnskapen

Lønnskostnader

<u>Lønn</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	622314.00	489861.00
<u>Andre ytingar</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	114977.00	98455.00
<u>Sum lønnskostnader</u>	<u>Årets</u>	<u>Fjorårets</u>
	737291.00	588316.00

Note

Ekstraordinære inntekter og kostnader

Sum Beløp

Balanseført verdi 31.12. Varige driftsmiddel Immaterielle eigned.


Konsernregnskap

Morselskapet sitt navn

Forretningskontor for morselskapet

Grunn til at dotterselskap ikkje er tatt med i konsolideringa

Samla beløp - tilknytt selskap Årets Fjorårets



Telemarkfestivalen

Stiftinga Telemarkfestivalen

Årsrapport for 2022

Resultatrekneskap

Balanse

Notar

Årsmelding

Revisors beretning

Pannen Dokumentnøkkel: NTU\I\FPRL\COMF-REV\RL\111116-PRFF



Resultatrekneskap for 2022

Stiftinga Telemarkfestivalen

	Note	2022	2021
Salsinntekt		640 416	619 670
Statstilskot	2	1 205 000	1 200 000
Anna tilskot	2	389 500	551 115
Anna driftsinntekt		514 729	386 743
Sum driftsinntekter		2 749 645	2 757 528
Varekostnad			
Løn og sosiale kostnader fast tilsette	3	-737 291	-588 316
Løn / honorar artistar og andre		-773 548	-844 180
Andre driftskostnader	3	-1 206 475	-1 170 845
Sum driftskostnader		-2 717 314	-2 603 341
Driftsresultat		32 331	154 187
Anna renteinntekt		288	5
Anna finansinntekt			
Sum finansinntekter		288	5
Netto finans		288	5
Ordinært resultat før skattekostnad		32 619	154 192
Ordinært resultat		32 619	154 192
Årsresultat		32 619	154 192
Overføringer:			
Overføringer til/frå anna eigenkapital	7	32 619	154 192
Sum overføringer og disponeringar	7	32 619	154 192



Balanse pr. 31. desember 2022

Stiftinga Telemarkfestivalen

	Note	2022	2021
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjer og andelar	4	16 000	16 000
Andre fordringer		75 000	
Sum anleggsmidler		91 000	16 000
Omløpsmidlar			
Fordringer			
Kundefordringer			2 172
Andre fordringer			40 710
Forskotsbetalte kostnader		1 160	
Sum fordringer		1 160	42 882
Bankinnskot, kontanter og liknande	5	1 256 351	977 515
Sum bankinnskot, kontanter og liknande		1 256 351	977 515
Sum omløpsmidlar		1 257 511	1 020 397
Sum eigedelar		1 348 511	1 036 397

Dokumentnummer: NTD/LIFDR/LC/OMF-8/1/13-1/11/16-DRFF



Noter til årsrekneskapen for 2022

STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

Generelt

Telemarkfestivalen er, som ei verksemd med ideelt formål, friteken for skatt.

Note 1 Regnskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk for små verksemdar.

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidpunktet. Festivalen mottok offentlege tilskot, desse blir avgrensa og inntektsført i gjeldande periode. Tilskota vert ført brutto.

Klassifisering- og vurderingsprinsipp som er benytta:

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år, samt postar som er knytta til varekretsløpet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmidlar / langsiktig gjeld.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar blir vurdert til anskaffelseskost, men blir nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Aksjer og andre plasseringar

Investeringar i aksjer og andre plasseringar, som er vurdert som anleggsmidlar, er tatt med etter kostmetoden. Nedskrivningar er gjort enkeltvis dersom verkeleg verdi er lågare enn kostpris, og dette ikkje er av forbigåande art.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringar er bokført til pålydande med frådrag for avsetjing til forventta tap.

Barnen Datakontroll AS: IFTV11.EPRdL.CCMMF.SELV12.11M16.PBEFF



Noter til årsregnskapen for 2022

STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

Note 2 Offentlige tilskot

	<i>Tilsagn 2022</i>	<i>Inntektsført 2022</i>	<i>Utbetalt 2022</i>	<i>Periodisert pr. 31.12</i>
Driftstilskot	1 100 000	1 100 000	1 100 000	0
Andre tilskudd NKR	105 000	105 000	105 000	0
Sum Norsk Kulturråd	1 205 000	1 205 000	1 205 000	0
Vestfold og Telemark fylke	220 000	220 000	220 000	0
Midt-Telemark kommune	100 000	100 000	100 000	0
Andre tilskot	69 500	69 500	69 500	0
NKR	365 000	0	292 000	292 000
Sum andre off. tilskot	754 500	389 500	681 500	292 000
Totale tilskudd	1 959 500	1 594 500	1 886 500	292 000

Note 3 Lønnskostnader, antall tilsette, godtgjørelser, lån til tilsette m.m.

	2022	2021
Lønnskostnader	622 314	489 861
Arbeidsgjevaravgift	89 557	72 575
Pensjonsforsikring	22 237	18 042
Andre ytingar	3 183	7 838
Sum	737 291	588 316

Gjennomsnittlig antall årsverk: 1 0,9

Ytelser til leiande personar:

Løn dagleg leiar:	513 544	492 944
Anna godtgj dagleg leiar(tlf):	3 600	3 500
Honorar styreleiar:	0	0

Revisor:

Kostnadsført revisjonshonorar for 2022 er kr. 33 321,-

Stiftinga Telemarkfestivalen pliktar å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Stiftinga si pensjonsordning tilfredsstiller krava i denne lova.



Noter til årsregnskapen for 2022

STIFTINGA TELEMARKEFESTIVALEN

Note 4 Aksjer og andelar

Stiftinga Telemarkfestivalen eig aksjer og andelar i følgjande selskap:

	<i>Tal</i>	<i>Pålydande</i>	<i>Bokført verdi</i>
Etnisk Musikkklubb AS	1	1.000	1.000
Norske Festivaler BA	1	5.000	5.000
Bø Lyd & Scene	1	10.000	10.000

Note 5 Bankinnskott

Av posten er kr. 18.501,- bundne midlar på skattetrekkskonto til dekking av forskotstrekk i løn til tilsette.

Note 6 Anna kortsiktig gjeld

	2022	2021
Påløpte feriepengar	63 997	60 393
<u>Påløpt arbeidsgjevaravgift feriepengar</u>	<u>9 024</u>	<u>8 515</u>
Sum anna kortsiktig gjeld	73 021	68 908

Note 7 Eigenkapital

	<i>Grunnkapital</i>	<i>Annan eigenkapital</i>	<i>Sum</i>
Eigenkapital pr. 01.01	16 000	848 294	864 294
<u>Årets resultat</u>		<u>32 619</u>	<u>32 619</u>
<u>Eigenkapital pr. 31.12</u>	<u>16 000</u>	<u>880 914</u>	<u>896 914</u>

Bannen Dokumentnummer: \YT\1\LEDD\COM\FE-REV\12.11\MIK-DREFE



ÅRSMELDING

TELEMARKFESTIVALEN 2022




Frå den nye framsyninga «Draum». Foto: Knut Utler

Barnan Dokumentasjonstjeneste: NTN/1.L.FE98.L.CC70ME.SE/1/2.1/1111K.DREFF


1. SKILDING AV 2022-FESTIVALEN

Telemarkfestivalen 2022 vart gjennomført mellom 10. og 14. august, og «fy fela som me hadde gleda kån» til å kunne arrangere ein normal festival utan smittevernreglar igjen! Festivalen inneheldt 24 arrangement som inneheldt konsertar, kurs, spelemannsmøte, fagseminar, og tingingsverk. I tillegg arrangerte festivalen Torgfestivalen – ein festival i festivalen med fleire aktivitetar for born, marknad og gratiskonsertar. Det var òg ein triveleg familiedag på Evju bygdetun med forskjellige innslag av folkemusikk og folkedans. Telemarkfestivalen 2022 hadde om lag 3500 besøkande i løpet av den svært innholdsrike festivalhelga.



Telemarkfestivalen

Telemarkfestivalen er ein internasjonal folkemusikkfestival som legg vekt på å fremje tradisjonell – så vel som nyskapande folkemusikk. Kvart år blir det lagt stor vekt på tingingsverk og urframføringar av eigenproduserte framsyningar – noko som var representativt også for årets festival med 11 nye produksjonar i forskjellig omfang i regi av festivalen. I årets tingingsverk framførte muskarane Kenneth Lien og Jørgen Skjulstad og dansarane Hallgrim Hansegård og Sigyn Åsa Sætereng verket «Draumnjørun». Tingingskonserten hadde ei spennande moderne tilnærming til tradisjonell folkemusikk og folkedans.




Frå tingingsverket, "Draumnjørun". Foto: Knut Utler

Barnen Dokumentasjonstjeneste: IYTHU LIEPRAU/CONMF-REV/R.L. IIMIK-BREFE

ANDRE VIKTIGE HOVUDTREKK I FESTIVALPROGRAMMET:

- ❖ Knallstart på årets festival med ein knallkonsert av Bjørn Tomren med band.
- ❖ Premiere på den nydelege framsyninga «Draum» med utgangspunkt i diktsyklusen med same namn av Sigurd Nes og hardingfeleslåttane etter Torkjell Haugerud.
- ❖ Norsk kvedarforum feira seg sjølv med flott jubileumskonsert på festivalen i høve forumet sitt 20-årsjubileum.
- ❖ Flott konsert og møte mellom spelemennene Lars-Ingar Meyer Fjeld og Alf Tveit med spel og historier knytt til felemakar Olav K. Venås frå Gransherad.
- ❖ Tradisjonell opningskonsert med spennande og flotte innslag frå både gamle og nye musikalske vener. Ellen B. Nordstoga heldt flott opningstale om frivilligheita innan folkemusikk og folkedans i Telemark.




Telemarkfestivalen

- ❖ Makelaus kveldskonsert med spelsøstre Annbjørg Lien og Catriona Macdonald med eit framifrå band.
- ❖ I årets tingingsverk framførte musikarane Kenneth Lien og Jørgen Skjulstad og dansarane Hallgrim Hansegård og Sigyn Åsa Sætereng verket «Draumnjørn». Tingingskonserten hadde ei spennande moderne tilnærming til tradisjonell folkemusikk og folkedans.
- ❖ Torgfestivalen – ein festival i festivalen på Bø torg. Her var det handverksmarknad med om lag 20 utstillarar, gratiskonsertar og aktivitetar for store og små. Roheim-paraden var tilbake med fin kortesje i Bøgata og påfølgjande festivaldans på torget.
- ❖ Konsertlåven heime hos Torgeir Hefre og Gyrid Kvaale vart etablert som festivalscene med spennande dobbeltkonsert med Mattis Kleppen og Thov Wetterhus. Denne scena er komen for å bli.
- ❖ Strålende konsert med Gjertruds Sigøynerorkester og Helge Jordal med Akantus-koret i eit flott samarbeid med Villa Lunde.
- ❖ Fantastisk laurdagskveld i Gullbring med godt gjennomførte konsertar frå Frida Ånnevik, Daniel Norgren og Sliteneliten.
- ❖ Morosam familiedag på Evju bygdetun med spel og dans og flotte aktivitetar for store og små.
- ❖ Borgjakonserten med utgangspunkt i boka om Bøheringsspelet som kom ut i 2021. Boka vart på mange måtar «konsertifisert» i Borgjakonserten, der programleiar Anne Svånaug Blengsdalen og forfattar Asbjørn Storesund leia publikum gjennom historia til Bøheringsspelet akkompagnert av slåttar frå Per Anders Buen Garnås, Gudrun Straand og Alf Tveit.
- ❖ Premierevising for folkemusikkdokumentaren «Til Stede» laga av Johanna Seim som skildra den skapande prosessen som Seim og Marianna Sangita hadde i lag i arbeidet med Evju Sessions på Evju bygdetun i samband med Telemarkfestivalen 2021.


Telemarkfestivalen kan og vise til aktivitet utanom sjølve festivalen i 2022:

- ❖ Sondag 5. juni inviterte me til konsert i tunet på garden Nes på Garvikstrondi, der storspelemann Torkjell Haugerud budde fram til sin død i 1954. Konserten hadde fleire flotte innslag og trakk eit stort publikum i nydeleg pinsever.
- ❖ Fredag 18. august gjennomførte me seminaret «Arrangement og engasjement – kva no festivalleiarar?» på Kroa i Bø i samarbeid med Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og Telemarkforskning.



Telemarkfestivalen

- ❖ Fredag 21. oktober inviterte me til konserten «Song frå strupe og streng» med Knut Buen, Ruth Wilhelmine Meyer og Anders Røine med våre vener i Bø Jazzklubb.



Frå konserten på Nes gard 5. juni. Foto: Kristoffer Mosfjeld


KURSVERKSEMD

Kursprogrammet i år omfatta eit kvedarkurs, eit kurs i syng av bringeklutskjorte og eit kurs i firfletting. Det var også minikurs for born innanfor dans, kveding og sirkusaktivitetar. I tillegg hadde festivalen eit godt samarbeid med Sørnorsk folkemusikksenter sitt fordjupingskurs for unge folkemusikkutøvarar som hadde fleire flotte framsyningar med song, dans og spel i løpet av festivalen.

FOLKEMUSIKK FOR ALLE

Telemarkfestivalen skal formidle folkemusikk og folkedans til alle, og det er ei viktig oppgåve for festivalen å leggje til rette for at folkemusikken også kan bli høyrd av dei som kanskje ikkje oppsøker eller har høve til å oppsøke festivalen elles. Som ein del av festivalprogrammet hadde festivalen fleire gratisarrangement. Ein kan særleg nemne Torgfestivalen – ein festival i festivalen på Bø torg med stor marknad, danseoppvising, gratiskonsertar og mange spennande aktivitetar for born og unge. Alle gratistilboda er meint som ein invitasjon til barn, familiar og andre som kanskje elles ikkje er så kjende med folkemusikken frå før. Bø i Telemark er ein stad med lange tradisjonar for folkemusikk og folkedans. Det er viktig at også barn og unge får ta del i disse tradisjonane på eigne premiss. Torgfestivalen er ein slik arena der barn og unge får vere med på ein mengde aktivitetar med folkemusikken og folkedansen som baketeppa – alt saman heilt gratis!

Publikumsmessig var 2022 ein greitt besøkt festival. 2022 var eit år prega av mykje uro i verda, høge priser på straum, mat og drivstoff, og det er nærliggande å tenkje at dette har innverknad på folk sin private økonomi og korleis dei vurderer kjøp av kulturelle opplevingar. Det har elles kome mykje ros frå både publikum og artistar om ei flott festivalgjennomføring med mange flotte opplevingar på



Telemarkfestivalen

Telemarkfestivalen 2022. I 2022 var det både frivilligheita sitt år og skeivt kulturår. Telemarkfestivalen hadde fleire postar i programmet som retta fokus mot dette.

Telemarkfestivalen vart nominert i kategorien «Årets folkemusikkarrangør» av FolkOrg. Ei flott anerkjenning for ein flott utgåve av Telemarkfestivalen!



Sjå komplett program for Telemarkfestivalen 2022 som vedlegg til årsmeldinga.

Sjå video med flotte augneblink frå Telemarkfestivalen 2022 [her](#).

2. TILLITSVERV/ ADMINISTRASJON

Styret har hatt følgjande samansetjing:

Leiar:

Evy Beate Stykket: på val

Styremedlemmar:

Idrak Abbasov: ikkje på val

Anders Hefre: ikkje på val

Heidi Elise Klokkehaug: på val

Torgeir Gullbekk Hansen: på val

Varamedlemmar:

Gudrun Straand: på val


Evelyn Utigard: på val

Valnemnda har hatt følgjande samansetjing:

Ingebjørg Bø – på val

Ingebjørg Nordbø – ikkje på val

(Grunna sjukdom har Ingebjørg Nordbø beden om å bli friteke for vervet. Vara Sigbjørn Hjelmbrekke vert fast medlem i valnemnda)



Telemarkfestivalen

pandemien valde festivalleiinga å presentere heile programmet under eitt i slutten av mai 2022. Festivalen fekk god merksemd i media lokalt og regionalt. Telemarkfestivalen har likevel erfart at det må tyngre innsats til mot media for å få utteljing. Samstundes må ein stadig utvikle seg for å vere synleg på fleire plattformer. Dette er heilt naudsynt for at festivalen skal vere ein sentral og synleg aktør i festival-Noreg også i framtida. Dette er ei stor utfordring for Telemarkfestivalen - både økonomisk og organisatorisk. I 2023 vil me vidareutvikle den nye grafiske profilen for Telemarkfestivalen som me meiner vil synleggjere festivalen betre ut mot publikum og andre aktørar.

4. STIFTARAR OG DELTAKARAR

Desse var ved årsskiftet stiftarar og deltakarar i Stiftinga Telemarkfestivalen: Midt-Telemark museum, Bø Dansarring, Bø Juniorspelemannslag, Midt-Telemark kommune, Bø Kunstforeining, Bø kulturnettverk, Bø Skulemusikk, Bø Ungdomslag, FolkOrg, Nes Nasjonale Dansarring, Spelemannslaget Bøheringen, Vestfold og Telemark Kulturnettverk, Telemark Mållag, Universitetet i Sørøst-Norge - Institutt for kultur, religion og samfunnsfag og Universitetet i Sørøst-Norge - Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk.

5. SAMARBEIDSPARTNARAR

Følgjande har ytt støttemidlar til festivalen i løpet av året; Norsk Kulturråd, Midt-Telemark kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Sparebankstiftinga Bø, Telemarkforskning, Norsk Musikkråd (KOMP-midlar), Norsk Senter for folkemusikk og folkedans, Fritt Ord og Sørnorsk filmsenter.

Sparebank1 Sørøst-Norge har vore hovudsamarbeidspartnar og sponsor. Følgjande har vore større sponsorar; Bø blad, Telemark Energi/Kraftriktet, Sentrumsringen i Bø, Bø hotell, Systemblokk, Byggmakker Bø, Sønstebøtunet, Nordbøåsen Utbyggingselskap AS, Buen gruppen og Meny Bø. I tillegg hadde me samarbeids- og sponsoravtale med fleire lokale aktørar. Totale sponsorbidrag var 230 850 kr i 2022. Det er ein oppgang på 57 725 kr frå 2021. I 2023 vonar me å vere tilbake på same nivå som i 2019 med om lag 260 000 kr i sponsortilskot til festivalen, men me må ha ei forståing for at høge straumprisar har innverknad på lokalt næringsliv evne til å yte sponsormidlar.

Festivalen har elles eit nært samarbeid med Gullbring kulturhus, som er eigar av konsertlokala i Gullbring.

6. ØKONOMI 2022

Telemarkfestivalen vart løyva 1 100 000 kr i tilskot frå Norsk Kulturråd for 2022. Midt-Telemark kommune og Vestfold Telemark fylkeskommune følgde opp med respektive 100 000 kr og 220 000 kr i tilskot. Dette er ei flott anerkjenning av Telemarkfestivalen si verksemd. Midlane har hovudsakleg blitt nytta til utvikling av innhald og program, styrking av administrasjonen i samband med festivalavviklinga, samt betre infrastruktur under festivalen.



Styret og dagleg leiar for Telemarkfestivalen noterer eit overskot for 2022-festivalen. Rekneskapen syner eit overskot på kr 32 619,-. Overskotet overført til annan eigenkapital. Festivalen har ein positiv eigenkapital på kr 896 914,-. I 2022 investerte Telemarkfestivalen 100 000 kr frå eigen kapital til fast lydandlegg i Storsalen i Gullbring. Beløpet vert skrivne av i rekneskapen med 5 000 kr per bruk av Storsalen i høve festivalen i åra som kjem.

Totale driftsinntekter utgjorde kr 2 749 645,-. Festivaltilskotet frå Norsk kulturråd utgjorde kr 1 100 000,- av dette. Andre offentlege tilskot var på kr 494 500,-. Sponsor- og reklamestøtte kr 230 850,-. Dei totale billettinntektene var på kr 549 850,-. Det er ei auke på 49 380 kr frå 2021. Totale driftskostnader utgjorde kr 2 717 315,-.

Stiftinga har fått tilsegn om støtte frå Kulturrådet på kr 1 100 000,- for 2023 noko som utgjør hovudgrunnlaget for drifta i 2023. Festivalen har òg fått innvilga 365 000 kr frå Kulturrådet til to spennande tingingsverk. I 2023 vil me halde fram med eit sterkt fokus på kostnadskontroll med tanke på driftskostnader.

Uvissa knytt til inntektene i 2023 er fyrst og fremst i høve til billettinntektene. I 2022 har posten for andre inntekter vore på same nivå som i 2021. I 2021 fekk festivalen midlar via stimuleringsordninga i samband med Covid-19. Denne ordninga var ikkje gjeldande i 2022, men festivalen fekk meir tilbake i MVA-kompensasjon i 2022 enn i 2021 – og slikt jamna det seg ut greitt. Me har likevel eit potensial for å auke posten for andre inntekter ytterlegare i form av auka midlar frå sponsorar og målbevisst søknadsskriving, samt fast samarbeidsavtale med NRK om vising av opptak av festivalen.


I 2018 reviderte styret saman med dagleg leiar ein framtidig strategi med ein handlingsplan (vedlegg til årsmeldinga), der ei rekkje kvantitative og kvalitative mål for kjerneområda i festivalen vart skildra. Desse har vore retningslinjer og for verksemda i 2022, og dagleg leiar og styret vil i 2023 arbeide vidare med desse måla.

7. KUNSTNARISK FORNYING

Telemarkfestivalen er ein internasjonal folkemusikkfestival som legg vekt på å fremje tradisjonell - så vel som nyskapande folkemusikk. Kvart år blir det lagt stor vekt på tingingsverk og urframføringar av eigenproduserte framsyningar.

Telemarkfestivalen med styret og administrasjonen har i 2022 ikkje vore representert på så mange arrangement som me skulle ønskje. Besøk på andre festivalar er likevel viktig i halde fram med – både med tanke på kunstnariske intrykk, men òg for generell kompetanseauking innanfor festivalarrangering. Telemarkfestivalen var representert ved dagleg leiar på Vinterfestivalen på Rauland i februar og bransjetreffet Folkelarm på Riksscenen i Oslo i november.

Festivalen abonnerer på bladet Folkemusikk, og held seg orientert om kva som rører seg i folkemusikk-Noreg.



Telemarkfestivalen har som mål å vidareutvikle festivaladministrasjonen og leiinga som arrangørledd i lokal, nasjonal og internasjonal målestokk. Telemarkfestivalen er ein aktiv deltakar i verksemda til Sørnorsk folkemusikksenter i Bø. Senteret er meint å styrke fleire aspekt innanfor folkemusikken og omfattar fleire aktørar som saman bidrar med kompetanse på respektive område. Førebels er desse aktørane med: Telemarkfestivalen, Vestfold og Telemark kulturnettverk, Telemark folkemusikklag, Norsk Hardingfelesenter, Midt-Telemark museum og Folkemusikkarkivet i Telemark. I 2022 har Telemarkfestivalen ved dagleg leiar hatt ansvar for den administrative verksemda til folkemusikksenteret.

9. YTRE MILJØ

I 2021 vart Telemarkfestivalen godkjend som Miljøfyrtårn. Som eit miljøfyrtårn er Telemarkfestivalen ansvarleg for å kome i møte strenge krav til arbeidsmiljø, innkjøp, energibruk, transport, avfall, utslepp og estetikk. Diplomet vart overrekka festivalen av ordførar i Midt-Telemark kommune, Siri Blichfeldt Dyrland, under Opningskonserten til Telemarkfestivalen 2021.

Styret meiner at stiftinga si verksemd ikkje forureinar det ytre miljø i vesentleg grad. Det vert utført kjeldesortering av alt avfall i samsvar med kommunale vedtekter. I 2023 ønskjer me i større grad å ha ein grøn profil og vil undersøke kva for berekraftige tiltak me kan gjere i samband med festivalgjennomføringa i tråd med det å vere eit miljøfyrtårn.

10. ARBEIDSMILJØ

